
Vår referanse 2021/21447-2
Dato 17.06.2021

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Foreløpig svar - Søknad om dispensasjon for byggegrense mot fylkesveg 409 i forbindelse med tiltak på gnr 450 bnr 5 - Radøy - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg, datert 21.05.2021.

Det vert opplyst at søknaden vert sendt inn for å undersøke moglegheita for dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg før de fortsett med prosjektering og sjølve søknadsprosessen for byggesaka.

Planstatus

Eigedomen er ikkje regulert, men ligg i område avsett til LNF føremål i kommunedelplan for Radøy i Alver kommune.

Saksgang

Før saka vert handsama etter veglova må tiltaket vera avklara etter PBL og anna relevant lovverk kommunen forvaltar. Difor må Alver kommune først ta stilling til bygging i LNF område.

Svar på søknad

I forhold til byggegrense mot fylkesveg, så er fylkesvegen her klassifisert som haldningsklasse mindre streng jf. *Rammeplan 2021-2024*. Det opnar for ei byggegrense på 30 meter. De ønsker å bygge ny driftsbygning med ein avstand på 10,3 meter frå vegmidte, medan takmøne vil vera 9,8 meter frå vegmidte. Det vert då 9,8 meter avstand mellom tiltak og vegmidte.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, er kritisk til bygging så tett opp i fylkesvegen og vi vil difor be dykk om å sjå på moglegheita for å plassere ny driftsbygning lengre vekk frå fylkesvegen.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på tlf. 45638702, eller på e-post lillian.bakke.byrknes@vlfk.no.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4